



Gunvor Seim frå Seimsfoss kjøper årer av trommeslagar Stian Myklebust. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Gledeleg mange uskedelingar trossa sundag finveret og støtta skulemusikken, Eldsjelane som held korpset i gang var svært fornøgd med at det – når sjølve korpset også reknast med - møtte fram rundt 90 til den tradisjonelle og populære vårbasaren. Resultatet vart så å seia det same som i fjor. 34595 kroner.

Allereie før sjølve basaren var det teke lodd for rundt 20.000 kroner.

Toppen med 42.000 vart nådd for tre år sidan.

Det er særleg dei siste tre åra basaren har "teke av" som inntektskjelde for Uskedal skulemusikk.

Den andre store inntektskjelda er bingoen.

Dette året vart basaren halde i Aktivitetshuset fordi Helgheim er under restaurering.



Dei fekk femårsmedalje: Birgitte Hjelmeland, Silje Bråtun, Vegard Døssland og Ingvild Sture. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Skulemusikken betyr mykje for lokalsamfunnet og har også betydd mykje for mange som har spela der. Eit døme på det kom Thor Inge Døssland med under basaren: Då han sat og selde lodd her om dagen på SPAR kom ein "gamal" entusiast innom og kjøpte dugeleg med vinnarsjansar. Men han nøgde seg ikkje med det – han la også att ein tusenlapp som gåve! Under basaren vart det streka under kva skulemusikken betyr sosialt sett – ikkje minst med tanke på knyting av nye vennskap på tvers av bygde- og kommunegrenser.

Før basaren rusla i gang for alvor med boknummer, åresal og lodd fekk dei frammøtte naturleg nok høyra kva korpset duger til for tida og dei likte det dei



Dei fekk treårsmedalje: Karita Kjærland, Eirin Rørheim Kjærland, Andrea H. Lunde og Kaja Døssland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

høyrede. Dirigent Liv Signe Bleie Ulvestadbakken har all grunn til å vera fornøgd med korpset, men så har det også hatt eit travelt og kunnskapsmetta år.

Høgdepunkter har vore NM i Stavanger, tur til Karmøy Brass, julekonsert i kyrkja og helgeseminar på Halsnøy og i Uskedalen. Trommeseminaret no i helga sette eit førebels punktum og Torunn Døssland vart på basaren rosa for kjempeinnsats med trommegruppa.

Basaren var det styretioen Gerd Ingunn Bauge, Randi Guddal Zimmer og Magnhild Tråvik som styrde suverent og utan klikk på noko punkt og den tradisjonelle medaljeutdelinga tok Thor Inge Døssland seg av også dette året. Det var fire som fekk både femårsmedaljer og treårsmedaljer.

Thor Inge minna også blant anna om at fristen for å melde seg på til sommarkurs går ut no og at det heller ikkje er for seint å melda seg på som aspirant. Korpset treng sårt fleire aspirantar skal rekrutteringa sikrast på lengre sikt.

Av Ola Matti Mathisen



Korpset viste kva det kunne før basaren starta for ålvor. (Foto: Ola Matti Mathisen)